

# BACHELOROPPGÅVE

**Vaksne som ser og torer å handle.**

**Adults who see and dare to act.**

**Ingrid Elisabeth Øvretun & Rikke Ovidia Moen Sand**

**Kandidatnr: 297 & 364**

**BLUBACH**

**Institutt for pedagogikk, religion og samfunn**

**Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett**

**Rettleiar: Dag Skram**

**25. Mai 2023**

**Tal ord: 12 055**

Vi stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1*

**FORORD**

Når vi no nærmar oss slutten av den treårige barnehagelærarutdanninga vil vi takke alle våre faglærarar, praksisbarnehagar og medstudentar. Vi har hatt tre fine år her ved Høgskulen på Vestlandet. Vår problemstilling tek føre seg ein pedagogisk handlingspraksis kring situasjonar med omsorgssvikt. Å skrive bacheloroppgåve har vore krevjande, men også lærerikt. Vi har tileigna oss fagleg kunnskap som vil auke merksemd og medvit kring sårbare barn. Vi er spente på kvar vegen går vidare når vi no skal ut i arbeidslivet. Som ferdig utdanna barnehagelærarar vel vi å tenke at vi har fått moglegheita til å vere akkurat den barnet treng. Vi har betyding for alle barn. Det vi gjer, og ikkje gjer- er viktig for barna.

Vi ynskjer å rette ei stor takk til våre informantar som har gitt oss eit innblikk i korleis ein kan arbeide rundt mistanke om omsorgssviktsituasjonar i felt. Dei har delt sine erfaringar, som har fått oss til å reflektere over vår framtidige handlingspraksis. Vi vil også takke Dag Skram, som alltid har vore tilgjengeleg for spørsmål og fått oss inn på rett spor.

Avslutningsvis vil vi takke kvarandre for ei utfordrande, men kjekk tid. Vi har undervegs hatt djupe og reflekterande samtalar kring emnet, og delt tankar og kunnskap med kvarandre. Vidare har vi motivert kvarandre til å kome i hamn. Det har vore lange, men fine dagar med frustrasjon, god stemning og mykje latter!

**SAMANDRAG**

Gjennom denne bacheloroppgåva har vi på bakgrunn av vårt engasjement for dei sårbare barna, valt å sjå på korleis den pedagogiske leiaren kan handle når det er mistanke om omsorgssvikt hjå barn i barnehagen. Med den lovpålagte meldeplikta i medvitet, ser vi det som viktig å sitje inne med fagleg kunnskap og kompetanse om emnet. Teksten tek føre seg forsking og refleksjon om kva signal ein kan sjå etter hjå barn og omsorgspersonar, verktøy ein kan nytte, korleis ein kan gå vidare med sine bekymringar og viktige element for å lukkast i eit tverrprofesjonelt samarbeid. Oppgåva er delt inn i teori, metode og empiri. Vi har nytta oss av kvalitative forskingsintervju, for å samle inn funn som er relevante i høve problemstillinga. Vidare består teksten av ei drøfting som knyt teori og empiri saman. Avslutningsvis har vi summert opp, og prøvd å svare på problemstillinga.

**ABSTRACT**

Through this bachelor's thesis based on our commitment to vulnerable children, we have chosen to examine how the pedagogical leader can act when there is suspicion of neglect in the daycare setting. With the legal obligation to report in mind, we see it as important to possess professional knowledge and competence on the subject. The text deals with research and reflection on what signals one can look for in children and their caregivers, tools that can be used, how to proceed with concerns, and important elements for success in interdisciplinary collaboration. The thesis is divided into theory, method, empirical data and a discussion in the end. We have used qualitative research interviews to gather our empirical findings that are relevant to the research question. Furthermore, the text consists of a discussion that links theory and empirical data together. Finally, we have summarized and attempted to answer the research question.

*«La meg sitte på et fang mens jeg er liten  
Så jeg kan gå oppreist når jeg er stor»*

Ragnhild B. Waale

**INNHALDSLISTE**

<b>1.0 INNLEIING.....</b>	7
1.1 Bakgrunn for val av emne .....	7
1.2 Presentasjon av problemstilling.....	7
1.3 Oppgåvas oppbygging.....	8
<b>2.0 TEORI.....</b>	8
2.1 Ulike former for omsorgssvikt .....	8
2.2 Omsorgspersonar som sviktar .....	10
2.3 Pedagogisk handlingspraksis.....	11
2.4 Kunnskap og erfaring gjennom utdanninga.....	13
2.5 Tverrprofesjonelt samarbeid .....	13
<b>3.0 METODE .....</b>	15
3.1 Kvalitativ forskingsintervju som metode .....	15
3.2 Val av informantar .....	15
3.3 Intervjuprosessen.....	16
3.4 Reliabilitet og validitet .....	17
3.5 Etiske omsyn og metodekritikk.....	17
<b>4.0 EMPIRI.....</b>	18
4.1 Presentasjon av informantane.....	18
4.2 Kunnskap gjennom utdanninga og erfaringar gjennom yrket.....	19
4.3 Signal frå barn .....	20

4.4 Pedagogisk handlingspraksis.....	20
4.5 Tverrprofesjonelt samarbeid .....	21
4.7 Informantane sine oppsummeringer av intervjeta .....	23
<b>5.0 DRØFTING .....</b>	<b>23</b>
5.1 Kunnskap gjennom utdanninga og erfaringar gjennom yrket.....	24
5.2 Signal frå barn .....	25
5.3 Pedagogisk handlingspraksis.....	26
5.4 Tverrprofesjonelt samarbeid .....	28
<b>6.0 AVSLUTNING OG VEGEN VIDARE .....</b>	<b>31</b>
<b>7.0 LITTERATURLISTE .....</b>	<b>33</b>
<b>8.0 VEDLEGG .....</b>	<b>35</b>
8.1 Samtykkeskjema .....	35
8.2 Intervju pedagogisk leiar.....	38
8.3 Intervju styrar.....	40

## 1.0 INNLEIING

Emnet i denne bacheloroppgåva er omsorgssvikt. Forsking viser at «*Konsekvensene av vold, overgrep og omsorgssvikt i barndommen er uten tvil et av våre største folkehelseproblemer. Vonde erfaringer går ut over helsen i et livsløpsperspektiv.*» (Dag Nordanger, forskar ved RVTS Vest). Det pregar oss som framtidas barnehagelærarar, når vi høyrer om kva skadelege konsekvensar omsorgssvikt kan påføre det enkelte individ i seinare leveår. Det er vanskeleg å ikkje verte bekymra over tanken på å oversjå eit barn i risiko, og å ikkje ha nok kunnskap om dette når ein skal byrje i yrket.

### 1.1 Bakgrunn for val av emne

Når vi skal ut i arbeidslivet som barnehagelærarar kjenner vi på eit stort ansvar. Vi er lovpålagte å melde frå til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn vert utsett for alvorlege manglar i omsorga (Barnehageloven, 2022, §46). Vi blir begge bekymra og opprørte, av tanken på at eit barn skal oppleve mangelen på å bli sett i sine barnehageår. Tanken på at eit barn skal stå aleine i ein vanskeleg kvardag, er sår. Dei barna vi ynskjer å skrive om, treng omsorgspersonar som ser dei.

I media dukkar det ofte opp saker om barn med alvorlege oppvekstforhald. Dette er saker som har prega oss, og gjort oss merksame på ansvaret vi har som barnehagelærarar. Mediebilete har gjennom åra stadig belyst dei alvorlege sakene der barn har vorte utsett for grov omsorgssvikt. Verda er ikkje svart-kvit, men eit hav av gråtonar. Det er på same måte ulike grader og nivå av omsorgssvikt. Barnehagen er ein institusjon der mange av tilfella kring mangel på omsorg i dei tidlege barneåra vert oppdaga. Spørsmåla vi stiller oss er difor; kva ansvaret har vi som pedagogiske leiarar når systemet sviktar? Korleis kan vi oppdage og kartleggje? Når skal ein kontakte barnevernet? Korleis går det tverrprofesjonelle samarbeidet føre seg? Vi ynskjer difor å tilegne oss meir kunnskap rundt emnet omsorgssvikt, og har laga ei problemstilling ut i frå korleis vi kan oppdage og handle om ein slik situasjon skal oppstå.

*“Det sies at du ikke tror det før du ser det. Ved omsorgssvikt, mishandling og seksuelle overgrep er det nær motsatt; man må tro at barn kan utsettes for slikt, før man kan oppdage det”* (Kvello, 2015, s. 51).

### 1.2 Presentasjon av problemstilling

Før vi no er ferdig utdanna, ynskjer vi å få eit større innblikk i kva vår rolle som barnehagelærar handlar om, og korleis vi grip tak i ein situasjon der omsorga er svekka. Rammeplanen for

barnehagen slår fast at personalet skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage omsorgssvikt (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.11). Vi undrar oss over kvifor barnehagelærarutdanninga ikkje tilbyr studentar meir kunnskap om emnet i utdanningsforløpet. Problemstillinga vår vil gi eit svar på kva vi skal legge merke til, korleis vi skal handle i ein slik situasjon og korleis vi kan legge til rette for tverrprofesjonelt samarbeid. Problemstillinga vår er:

*"Korleis kan den pedagogiske leiaren handle ved mistanke om omsorgssvikt hjå barn i barnehagen?"*

### **1.3 Oppgåvas oppbygging**

Ulike emne i vår bacheloroppgåve er blant anna ulike formar for omsorgssvikt, tverrprofesjonelt samarbeid, omsorgspersonar som sviktar, relasjoner, ulike tiltak og etiske utfordringar.

Bacheloroppgåva består av åtte kapittel. Første kapittel består av ei innleiing. Vidare føl ein teoridel der vi presentera relevant teori og omgrep. I kapittel tre vil vi greie ut om valt metode. Vi legg også fram intervjugosessen og etiske omsyn. Deretter presentera vi funn i ein empiridel. Siste kapittel inneholder drøfting og eigne refleksjonar kring forskinga. Avslutningsvis vil vi summere opp, og prøve å svare på problemstillinga. Litteraturliste og vedlegg er lagt ved oppgåva.

Sidan omgrepet omsorgssvikt er komplekst, har vi gjennom denne bacheloroppgåva vald å fokusere på omgrepet i sin heilskap. Med lite kjennskap til nettverk med erfaring, har det vore utfordrande å finne informantar med erfaring og kompetanse knytt til ei spesifikk form for omsorgssvikt. Vi har difor gjennom intervjuguiden (vedlegg 2 og 3) vald å fokusere på all type erfaring kring emnet. Dette for å tileigna oss ei overordna innsikt over all type omsorgsvikt som kan førekome. Vi vil difor sjå kva som rører seg i overflata på dei ulike formane for omsorgssvikt som er skildra i teorien vi legg fram.

## **2.0 TEORI**

I denne delen av oppgåva vil vi presentere det teoretiske grunnlaget. Her vil det kome fram sentrale tema for korleis den pedagogiske leiaren kan fange opp bekymringar, og korleis ein skal handle ut i frå magekjensle fram til melding. Det vil også bli retta fokus mot tverrprofesjonelt samarbeid.

### **2.1 Ulike former for omsorgssvikt**

Omsorgssvikt er eit samansett, relativt og sårt fenomen, beståande av fleire ulike nyansar (Killén, 2021, s. 32). *Vanskjøtse* er eit samleomgrep der dei fysiske behova ikkje vert tilfredsstilt. Dette er behov som stell, mat og omsorg (Nordhaug, 2018, s. 23). Blant dei minste barna kan dette mellom

anna vere tilfelle som at omsorgspersonen dekka barna sine behov når den sjølv føler for det, i staden for når barnet har behovet. Med dette meina Nordhaug (2018) at den evna ein omsorgsperson bør ha for å kunne lese eit barn sine behov, anten er svekt eller fråverande. Eit døme på dette kan vere at barnet ikkje får reine bleier ved behov (Nordhaug, 2018, s. 23).

Vanskjøtsel er den vanlegaste forma for omsorgssvikt, og rammar barnet si fysiske og psykiske utvikling på fleire områder (Killén, 2021, s. 38). Omsorgspersonar som ikkje er i stand til å engasjere seg kjenslemessig i barnet, har heller ikkje moglegheit til å støtte opp om barnet sine kognitive, emosjonelle eller sosiale behov (Killén, 2021, s. 38). Kjenslemessig vanskjøtsel kan betraktast som at barnet vert kjenslemessig underernært. Barnet vert ikkje sett, og vert behandla med likegyldighet. Dette vil føre til at barnet sin barndom vert fråteken (Killén, 2021, s. 40).

*Fysiske overgrep* referera til situasjonar der barn bevisst vert påført smerte eller skade av ein omsorgsperson (Zenah & Humpreys, 2018 i Drugli & Onsøien, 2021, s. 85). Fysiske overgrep vil vere det som er synleg. Døme på fysiske overgrep kan blant anna vere spark, klyping, slag, brannskadar, filleristing, kveling og lugging (Kvello, 2015, s. 398-399). Blåmerke er teikn på fysiske overgrep. Desse blåmerka treng ikkje å sjå annleis ut, enn blåmerke barn får under rørsle og leik. Derimot kan plasseringa av skaden og forklaringa på korleis den har oppstått, bevise om den er påført av andre med därleg intensjon (Killén, 2021, s. 42).

Barnet si interne oppleving av smerte, angst, hjelpelause og fortviling kan føre til psykiske skader som kan vere langvarige, og ofte meir alvorlege, enn dei fysiske såra (Killén, 2021, s. 42). Killén (2021) skriv vidare at overgrepa kjem frå personar som har i oppgåve å ta vare på og beskytte barnet, og at barnet må bære på desse traumatiske opplevingane åleine (Killén, 2021, s. 42). *Psykiske overgrep* er den forma for omsorgssvikt som er vanskelegast å definere (Killén, 2021, s. 48). I motsetnad til fysiske overgrep, vil ein ved psykiske overgrep ikkje møte barnet sine emosjonelle behov (Zeanah & Humpreys, 2018 i Drugli & Onsøien, 2021, s.86).

Som forelder vil ein truleg på eit tidspunkt oppleve å vere åndsfråverande, trøytt og irritert. Ein spontan reaksjon kan difor vere å prioritere sine eigne behov framfor barnet sine. I motsetnad til å rette opp ein slik feil ved neste anledning, vil eit slikt vedvarande kronisk åtferdsmönster føre til at barnet vert utsett for psykiske overgrep (Garbarino et.al, 1986 i Killén, 2021, s. 48). Psykiske overgrep er når eit barn vert utsett for ein vedvarande og krenkande oppførsel frå sine omsorgspersonar. Det kan vere gjenteken avvising, latterleggjering eller kritikk. Barnet kan også oppleva å få tileigna negative eigenskapar som "slem", "ond" eller "dum" (Killén, 2019 & Kvello, 2015 i Drugli & Onsøien,

2021, s. 86). Psykiske overgrep er også når eit barn lev saman med ein forelder som er utsett for psykisk- eller fysisk vald (Drugli og Onsøien, 2021, s. 86).

Det vil gå på kostnad av barnet, når omsorgspersonen har til hensikt å tilfredsstille eigne seksuelle behov og behov for makt, gjennom seksuell kontakt med barnet. Dette kjenneteiknar eit *seksuelt overgrep* (Zeanah & Humpreys, 2018 i Drugli & Onsøien, 2021, s. 86). Under seksuelle overgrep vert barnet ofte stimulert eller pressa til å engasjere seg. Omsorgspersonen eller eit anna sosialt nettverk som utset barnet for overgrep, vil ofte framstille den seksuelle aktiviteten for barnet som noko spesielt, og at barnet er heldig som vert inkludert i den (Killén, 2021, s. 65). Sjølv om dei seksuelle overgrepa er fysisk valdelege, viser Kvello (2015) til at omkring 20 prosent av barn som vert utsett for seksuelle overgrep, også vert ramma av fysisk mishandling (Kvello, 2015, s. 220).

Om eit barn gjentakande gonger vert utsett for seksuelle overgrep, vil det i dei fleste tilfelle verte ramma av psykisk mishandling. Som regel er ikkje forgriparen ved seksuelle overgrep fysisk valdeleg. Dette gjer til at barnet ikkje nødvendigvis forstår at det vert påført skade, men at overgrepa er gjort ut av kjærleik. Overgrepa er likevel psykisk valdelege ved at forgriparen bestikk og truar barnet i gjengjeld til deira tausheit (Killén, 2021, s. 65). Eit barn i ein slik situasjon vil bruke fleire av sine krefter til å hemmeleghalde den aktiviteten dei har vorte pressa til å engasjere seg i, og fått ansvaret for. *“Eksponeringa vert farlegare enn sjølve overgrepssituasjonen”* (Killén, 2021, s. 68).

## 2.2 Omsorgspersonar som sviktar

Gjennom heile oppgåva vil vi bruke betegninga *omsorgsperson*. Om vi hadde nytta oss av ordet foreldre, hadde det ikkje vore gitt at det er dei biologiske foreldra vi siktar til, men eit uttrykk for kven som skal ivareta den daglege omsorga og barnet sine utviklingsbehov (Hafstad & Øvreeide, 2013, s. 39). Difor vil vi nytte oss av omsorgsperson vidare i denne oppgåva.

I ei omsorgsrolle krevst det ei rekke eigenskapar for å fylle denne rolla. Det kan vere ei stor utfordring å dekke barn sine individuelle behov. Desse behova variera frå individ til individ, og kva alder og tid ein er på i livet (Nordhaug, 2018, s. 13). Alle omsorgspersonar kan utøve svik mot barna sine, i større eller mindre grad. Det er når ein ikkje forstår at ein svikar barnet, og at det vert eit gjentakande mønster, at det er grunn til å uroe seg (Nordhaug, 2018, s. 22). Barn gir ulike signal, nokon tydlegare enn andre. Nokre signal kan vere vanskelege å oppdage og tolke, og det vert difor vanskeleg å vite kva behov barnet faktisk har. Signala kan også vere villeiande. Det vil seie at barnet

har vanskar med å uttrykke det dei ynskjer, opp mot det behovet dei faktisk treng å få dekka (Drugli & Onsøien, 2021, s.43).

Ein god, til normal, funksjon hjå omsorgsgivar vil vere ei relativ realistisk oppfatning av barnet. Det vil seie at ein møter barnet sine nødvendigheter. Derimot vil det ved ein omsorgssviktsituasjon vere ei urealistisk oppfatning av barnet. Da vil omsorgspersonane tilnærma seg barnet med eigenskapar og motiv dei ikkje har (Killén, 2021, s. 208). Killén (2021) visar til eit døme der barnet vert tillagt eigenskapane til ein tidlegare hata sambuar av mor eller far. Barnet vert da opplevd like negativt som denne sambuaren. Desse uarbeidde kjenslene vert avreagert på barnet (Killén, 2021, s. 209).

Nordhaug (2018) viser til ulike tilstandar omsorgspersonar kan kategoriserast i, som igjen kan gå utover omsorga til barnet. Ein av desse kan vere når ein omsorgsperson er ramma av ei *psykisk lidning*. Her kan både angst og sorg vere to døme. Dersom omsorgspersonen ikkje er i stand til å utføre eigne daglege plikter, er barnet nøydd til å ta del i eller ta over desse pliktene. Det kan vere å levere seg sjølv i barnehagen, eller handle på butikken (Nordhaug, 2018, s.25). Dette kan sjåast i samanheng med det Kvello (2015) skildrar som parentifisering. Dette er rollereversering eller rolleomkast, der barna inngår i omsorgsrolle med sine omsorgspersonar. Barna må ta på seg oppgåver og roller dei i utgangspunktet ikkje burde ha (Kvello, 2015, s. 94). Eit anna tilfelle av parentifisering er når barn har omsorgspersonar med rusmiddelproblem. Barnet vil i eit slikt tilfelle oppleve å sjå sin omsorgsperson utan kontroll, og med vanskar for å ta vare på seg sjølv. Det vil føre til ein ustabil livssituasjon og barnet vert ofte omsorgsgivar for både seg sjølv, sine omsorgspersonar og eventuelle småsøskan.

### **2.3 Pedagogisk handlingspraksis**


Som pedagogisk leiar vil ei av våre viktigaste oppgåver under ein omsorgssviktsituasjon vere, å i beste fall, bidra til å kompensera for den manglande omsorga i heimen. Ei trygg hamn å vende til i ein sårbar kvardag, vil ha ei stor betydning for barnet som opplev omsorgssvikt (Drugli & Onsøien, 2021, s. 89). Barn vil kunne sende ut ulike signal til dei vaksne rundt seg. Ein pedagogisk leiar kan vere sensitiv for slike signal. Difor kan ein møte barna på ein klok måte, og deretter legge opp til ein god samtale (Nordhaug, 2018, s. 93). Nordhaug (2018) skriv at barn som har vore utsett for traumatiske hendingar vil i motsetnad til vaksne, ha vanskar for å hugse desse hendingane i ettertid av situasjonen som har oppstått. Desse hendingane vil i ettertid verte rekonstruksjonar (Nordhaug, 2018, s. 94).

Ofte har dei tilsette i barnehagen god erfaring og trening i å prate med barn om ulike tema. Kunnskapen er viktig å overføre i dei meir krevjande samtalane. Ein barnesamtale bør innehalde

innleving, anerkjenning, aktiv lytting og fleksibilitet (Gamst, 2011 i Bratterud & Emilsen, 2013, s. 98). Gode rutinar er viktig for å vite korleis vi kan gå vidare med ei bekymring basert på kva barnet fortel. Dette for å skåne barna for alvorlege konsekvensar som sanksjonar, straff eller truslar frå sine omsorgspersonar. Ein skal difor unngå å nytte barnet sine utsegn når ein tek kontakt med deira omsorgspersonar (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 98). Som Bratterud & Emilsen (2013) skriv er ein samtale med barn i barnevernet annleis frå samtalar med barn saman med den pedagogiske leiaren. Dei understrekar at den pedagogiske leiaren ikkje skal overta barnevernstenesta si rolle under samtale med barn utsett for omsorgssvikt (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 99). Barn som vert utsett for omsorgssvikt har ikkje eit språk for å kommunisere slike opplevingar, sidan dei ikkje har forståing for kva dei har vorte utsett for (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 99).

For å få tak i barnet sine tankar kring gitte situasjonar bør ein tenkje over tid og stad. Ein må finne ut om arenaen barnet oppheld seg på egnar seg. Det kan også vere lurt å reflektere i forkant om barnet bør vere i aktivitet, eller om det er andre alternative måtar å kommunisere med barnet på. Det er heilt sentralt å vere kreativ når ein skal leggje til rette for Barnesamtalar (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 99). Ein kan skape gjenkjenning i forhold til den situasjonen barnet er i, ved bruk av bøker, kjende leikemateriell eller forteljingar. Dersom det er vanskeleg, eller barnet ikkje har lyst til å kommunisere verbalt, kan ein nytte til dømes teikningar gjennom teikneøvingar (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 100).

For å få eit barn til å fortelje må ein skape tillit og tryggleik. Å ha ein relasjon til barnet er avgjerande for å skape dialog (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 98). Ein relasjonskompetanse vil danne grunnlag for kva forhold ein får til barn og deira omsorgspersonar (Johannessen & Mikkelsen, 2015, s. 28). Å ha ein profesjonell relasjonskompetanse, vil seie at ein har evna til å lese barnet og omsorgspersonen ut frå deira eigne premiss, og deretter klare å tilpasse eiga åtferd etter desse vilkåra (Juul & Jensens, 2002 i Johannessen & Mikkelsen, 2015, s. 28). Relasjonskompetanse ovanfor barn i barnehagen, inneber at ein fullt og heilt kan setja seg inn i barnets perspektiv. Vidare bør ein kunne fange opp og forstå barnets opplevingar i ulike situasjonar, samt å møte dei på deira kjenslemessige behov. Om ein klarar dette, vil barnet oppleve empatiske vaksne og ein trygg tilknyting (Killén, 2012 i Johannessen & Mikkelsen, 2015, s. 30).



"Figur 1.1: Figur brukt i COS-undervisning" i Nordhaug, 2018, s. 19.

Dette er ei framstilling av *tryggleikssirkelen*. Eit verktøy som kan vere med på å forstå åtferda til barna gjennom eit tilknytingsperspektiv (Nordhaug, 2018, s. 18). Poenget med eit tilknytingsperspektiv, er at barnet har ei trygg hamn og ein trygg base å utforske og søke til (Nordhaug, 2018, s. 19). Omsorgspersonane skal støtte og møte barnet i den delen av sirkelen dei er i (Kvello, 2015, s. 111). Dersom fagpersonar set seg inn i tryggleikssirkelen, kan dei få kunnskap om korleis barnet har det, og korleis ein kan hjelpe og rettleie omsorgspersonane til å gi god nok omsorg (Kvello, 2015, s. 113).

## 2.4 Kunnskap og erfaring gjennom utdanninga

*Kunnskap gir mot til å se og trygghet til å handle* er tittelen på forsking gjort av Øverlien & Sogn (2007), som viser til resultat frå ei spørjeundersøking for å få tilstrekkeleg kunnskap om barn utsett for vald og overgrep. Desse resultata viser at 96% av 209 deltakarar opplev at dei ikkje har fått tileigna seg kunnskap om emnet. Vidare viser resultata at over halvparten av denne prosentandelen oppgjer at dei har fått undervisning gjennom utdanninga. Likevel har deltakarane gjort forskarane merksame på at undervisinga har gått over ei førelesing eller ein dag. Dette tilsvara eit fråvær i kunnskap og kompetanse når dei skal byrje i yrket (Øverlien & Sogn, 2007, s. 25- 26). Forskinga understrekar at det er problematisk at ein for ofte berre fokusera på barn i ein normal livssituasjon. Barnehagelærarar vil møte på alle barn i sitt yrke, også barn utsett for fysiske og seksuelle overgrep (Øverlien & Sogn, 2007, s. 34).

## 2.5 Tverrprofessionelt samarbeid

Barnehagen er den einaste oppvekstarenaen som møter barn og deira omsorgspersonar på dagleg basis. Den pedagogiske leiaren i barnehagen har moglegheit til å observere barn sine

tilknytingsstrategiar under ein bringe- og hentesituasjon. Ein slik situasjon med skiljing og gjenforeining kan skape stress for borna, og deira tilknytingsstrategiar vil verte synlege (Killén, 2015, s. 370). Difor har barnehagen ein unik moglegheit til å kunne oppdage, og følgje opp barn, som har behov for ekstra beskyttelse. Barnehagen har lovpålagd ansvar for barn som er utsett for dårleg omsorg. Dei tilsette har plikt til å forvalte sitt samfunnsmandat, og melde frå til andre instansar dersom det er mistankar om at eit barn vert utsett for vold og overgrep. Plikta går og ut på å avverje ein slik situasjon (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 18). Kvello (2015) viser til Statistisk Sentralbyrå, at det i 2012 vart meldt inn 34591 bekymringsmeldingar til barneverntenesta. Av desse var 1868 innmeldingar gjennom barnehagen (Kvello, 2015, s. 50- 51). I 2020 var det 56802 innmeldingar til barnevernet. Av desse var fem prosent innmeldingar frå barnehagen [1]. Dei nyaste tala frå 2021 viser at barnevernstenesta i følge Statistisk Sentralbyrå [1], hadde fått inn 53468 meldingar. Vi finn ingen tal på kor mange av desse innmeldingane som kjem frå barnehagen.

Tverrprofessionelt samarbeid vil seie at fleire profesjonar og instansar jobbar tett opp mot kvarandre (Willumsen, 2016, s.39). Eit slikt samarbeid kan vere krevjande, sidan ein er nøydd til å ha medvit om sin eigen kompetanse som profesjonsutøvar. Ein arbeidar mot ei felles oppgåve eller prosjekt, og er nøydd til å ta felles slutningar. Dette vil innebere integrasjon av dei ulike faggruppene sine kunnskapar og ferdigheter (Willumsen, 2016, s. 39). Gjennom eit slikt samarbeid får deltagarane ny kunnskap på bakgrunn av dei ulike instansane sine bidrag (Willumsen, 2016, s. 39).

For å lukkast med behandling er det viktig med eit nært samarbeid mellom dei ulike instansane. Killén (2019) syner til den heilskaplege, differensierte tilnærminga (HDT). For å få til HDT, er det sentralt at dei ulike instansane har eit felles forståingsgrunnlag, og at dei ulike profesjonane tek ansvar og bidreg (Killén, 2019, s. 77). Killén (2015) legg fram at barnehagen kan erfare eit samarbeid med ulike instansar som helsestasjon, familiesenter, skule, pedagogisk-psykologisk teneste, familievernkontor, barnevern, barne-, ungdoms- og voksenpsykiatri, sjukehus, tannhelsetenesta og politiet (Killén, 2015, s. 370). Kjernekompetanse er den kompetansen som er spesiell for ein profesjon, og som vil vere med på å skilje fagpersonane frå kvarandre. Gjennom arbeid rundt ein konkret situasjon, vil dei ulike profesjonane erfare og utvikle ein felles kompetanse. Eit slikt samarbeid forutset at alle involverte partar overheld si tieplikt (Willumsen, 2016, s. 44). Den danske modellen *better tverrfagleg innsats* (BTI) er vorte nytta som verktøy for å få til eit tilrettelagt samarbeid. Målet er å sikre at familiar og barn så tidleg som mogleg får naudsynt hjelp (Drugli & Onsøien, 2021, s. 196- 197). BTI er basert på fire nivå som vi vil kome tilbake til i empirikapittelet.

## 3.0 METODE

I dette kapittelet vil oppgåva sin metodologi bli presentert. Det vert lagt fram skilnaden mellom ein kvalitativ og kvantitativ metode, samt valt metode for oppgåva. Delen tek føre seg val av informantar og gjennomføring av intervju. Avslutningsvis greier vi ut om oppgåva sin validitet, reliabilitet og etiske omsyn. Metode er ein framgangsmåte for å finne svar på ulike forskingsspørsmål (Bergsland & Jæger, 2022, s. 28). Poenget med ein metode er å innhente informasjon om det ein ynskjer å undersøke nærare, samt å tilegne seg kunnskap om korleis ein kan analysere ein slik informasjon (Bergsland & Jæger, 2022, s. 28).

### 3.1 Kvalitativ forskingsintervju som metode

Når ein skal velje metoden som eignar seg til å innhente informasjon kring den gitte problemstillinga, vil det ofte vere problemstillinga sjølv som styrer valet av metode (Kvale & Brinkmann, 2015 i Bergsland & Jæger, 2022, s. 28). Vi starta prosessen med å velje kvantitativ metode. Planen var å nytte seg av ei spørjeundersøking som kunne gi oss svar på ulik statistikk. Til dømes kor mange barn som har vorte utsett for omsorgssvikt, og oppdaga gjennom barnehagen. Vidare kor mange pedagogiske leiatar som føler seg budd på å handtere ein slik situasjon. Etter å ha diskutert kva vi ville oppnå med ei datainnsamling, valte vi å endre metode til eit kvalitativt forskingsintervju. Målet med ein kvalitativ metode er å få djupare innsikt i opplevde erfaringar, og korleis noko går føre seg i praksis. Dette skil seg frå ein kvantitativ metode, som er basert på distansar mellom forskaren og informantane (Bergsland & Jæger, 2022, s. 28).

For å undersøke vår problemstilling var ein kvalitativ forskingsmetode det som eigna seg best. Metoden vi valte vert betrakta som ein induktiv metode. Eit kvalitativt forskingsintervju vil gi oss ein nærliek til feltet. I vår innsamling av empiri har vi nytta individuelle semi- strukturerte intervju. Målet med intervjuet var å få eit meir menneskeleg uttrykk, og eit subjekt- subjekt forhold saman med informantane (Bergsland & Jæger, 2022, s. 28). Ein kvalitativ metode er nyttig dersom ein vil finne ut av menneske sine handlingar og meininger (Bergsland & Jæger, 2022, s. 77). Vi har teke utgangspunkt i to ulike intervjuguidar. Sidan styraren har eit meir overordna ansvar enn den pedagogiske leiaren, ynskjer vi å få ein meir presis informasjon rundt rutinar og struktur.

### 3.2 Val av informantar

Gjennom den kvalitative metoden valde vi å ha ein strategi i val av informantar. På denne måten ville vi oppnå å få informantar med relevant erfaring, kunnskap og kompetanse på området (Bergsland og

Jæger, 2022, s. 42). Det var viktig for oss å vite at dei pedagogiske leiarane og styraren hadde fleire år med erfaring i sin profesjon. For å sikre oss empiri frå fleire instansar, valde vi å sende ut informasjonsskriv til pedagogiske leiarar i ulike barnehagar, ein styrar, ein barnevernspedagog og ein helsejukepleiar. Dette ville gi oss ei djupare innsikt i tverrprofesjonelt samarbeid, og deira erfaringar i samarbeid med kvarandre. Vi valde å sende ut informasjonsskriv til dei ulike instansane i fleire kommunar, for å undersøkje skilnadar og rutinar i arbeidet med omsorgssvikt. Vi fekk til slutt avslag frå både barnevernet og helsejukepleiarar. Til intervju fekk vi to pedagogiske leiarar og ein styrar. Desse informantane jobba i ulike barnehagar i to ulike kommunar. I desse barnehagane var det forskjellig storlek og plassering. Informantane bestod av to kvinner og ein mann, med ulik erfaring og bakgrunn i barnehagen.

### 3.3 Intervjuprosessen

I ein intervjuguide vil det stå oppført emne i ei strategisk rekkefølge, som skal takast opp i intervjuet. Hensikta er å få informantane til å svare på gitte emne, som kan gi svar på bacheloroppgåva sine mål og problemstilling. I vår skisse hadde vi eit detaljert oppsett, der spørsmåla var nøyaktig formulert (Bergsland & Jæger, 2022, s. 34). Før vi starta å skrive ned spørsmål til intervjuguiden, sette vi oss inn i relevant pensum som gav oss ei forståing for, og eit utgangspunkt i, spørsmål til intervju. På bakgrunn av eit sårt emne og fleire etiske omsyn, valde vi å sende ut intervjuet i forkant. Dette var også eit ynskje frå informantane. Det var viktig for oss at informantane følte seg trygge, og at dei ikkje følte på å utlevere seg sjølv og sin barnehage på ein måte som kunne opplevast som ubehageleg.

Det semistrukturerte intervjuet var ein samtale mellom forskar og informant, der vi som forskarar styrte gangen i det. Ved eit semistrukturert intervju vil samtalen gå ut i frå den utarbeidde intervjuguiden, der det er sett opp tema og forslag til spørsmål (Dalland, 2020, s. 68). Vi prøvde å lage opne spørsmål, som ikkje kunne legge føringar for informantane sine refleksjonar og meininger. Det var viktig for oss å skape ein god atmosfære under intervjuet ved å vere aktivt lyttande, og å skape tillit til informanten. På denne måten kan informanten opne seg og kome med viktig informasjon, som informanten elles kunne ha haldt tilbake (Dalland, 2020, s. 78). Intervjuet hadde ein varigheit på alt frå ein til to timer. Eit intervju gjekk føre seg ved vår studiestad, medan dei to andre ute i barnehagane. Ein av oss hadde ansvar for å intervju, medan den andre tok notat og kunne kome med oppfølgingsspørsmål. I etterkant var vi bevisste på å få analysert intervjeta opp mot notata, medan dei framleis var friskt i minne. Vi har nytta oss av ein innhaldsanalyse for å sortere data frå intervjeta våre. Dette går ut på å samle fellestrek i datainnsamlinga i eit sett kategoriar

(Jacobsen, 2022, s. 215). I kategoriane har vi plassert element frå data som har fellestrekks (Jacobsen, 2022, s. 219).

### **3.4 Reliabilitet og validitet**

Når vi skulle ut å samle inn data til oppgåva vår, tenkte vi nøye gjennom korleis vi kunne sikre relevante svar og opplysningar frå informantane, som kunne vere med på å svare på problemstillinga vår. Svara må vere gyldig og relevant i forhald til det problemet som skal undersøkast (Dalland, 2020, s. 43). Det vil seie at validiteten vert oppretthalde.

Når vi intervjuar gjennom ein kvalitativ metode, er det vanskeleg å sikre at informantane er pålitelege og gir oss rett informasjon. Dalland (2020) skriv at reliabilitet er knytt opp mot pålitelegheit. Det vil seie at dei målingane som vert gjort, må utførast på ein korrekt måte (Dalland, 2020, s. 43). I følgje Bergsland & Jæger (2022) vil derimot reliabilitet få ein noko anna betyding inn mot ein kvalitativ studie, enn eit kvantitatittiv studie som er meir basert på målingar og statistikk. Forskarane må innhente data på ein tillitsvekkande måte, og vere bevisst på i kor stor grad datamaterialet er påliteleg. Korleis data vert samla inn, omarbeidd, analysert og tolka må også gå føre seg på ein påliteleg måte (Bergsland & Jæger, 2022, s. 44). For å sikre oss reliabilitet valde vi å analysere intervjeta kvar for oss, for å ikkje bli påverka av kvarandre sine meningar. Da det kan vere lett at den første som tek ordet i etterkant av intervjet, kan legge føringar for kva dei andre legg vekt på (Dalland, 2020, s. 93). Vidare gjekk vi saman og drøfta det vi hadde kome fram til. Andre ting som kan vere med på å påverke reliabiliteten, er om informanten ikkje forstår kva vi spør om eller at vi som intervjuar notera ned svara unøyaktig. Til slutt bør ein vere bevisst på at meningane til informantane ikkje vert omformulert under reinskriving (Dalland, 2020, s.63).

### **3.5 Etiske omsyn og metodekritikk**

Det er viktig å tenke gjennom etiske omsyn før ein skal ut å samle inn data. Eit omsyn er informanten sin rett til å delta på eit frivillig grunnlag, og retta til å trekke seg utan konsekvensar. Dette gjorde vi gjennom eit skrifteleg informert samtykke (vedlegg 1) i forkant av intervjugprosessen. I informasjonsskrivet opplyste vi om formålet og hovudtrekka i vår datainnsamling, samt konfidensialitet om eit personleg innhald som kan avsløre informanten sin identitet (Bergsland & Jæger, 2022, s. 47). Vi hadde inga meldeplikt til Norsk senter for forskingsdata (NSD), da vi ikkje tok opptak av intervjet.

Det er eit breitt utval samlingsstrategiar innanfor kvalitativ og kvantitative metode. Difor er det viktig å reflektere og tenke nøye over metoden ein har valt. Med medvit rundt valet, vil ein kunne sikre ein raud tråd mellom val av emne, problemstilling, metode og innsamlingsstrategiar (Bergsland & Jæger, 2022, s. 32).

Med ein kvalitativ metode vil det vere vanskelegare å bevare anonymiteten til informantane, da opplevde hendingar og situasjoner kan gjenkjennast. Difor vil vi gjennom oppgåva bruke fiktive namn for å ivareta konfidensialiteten ovanfor våre informantar (Bergsland & Jæger, 2022, s. 47). Om innhaldet er for lite eller tal på informantar er avgrensa, kan det vere utfordrande å generalisere innsamla data til oppgåva. Det kan også vere vanskeleg å trekke konklusjonar frå eit intervju, om informanten har hatt vanskar med å svare på eller å forstå spørsmåla. Å nytte seg av notat kan medføre at ein legg eigne meningar i notata og kan fortolke desse feil i etterkant, i motsetnad til eit lydopptak som er presist (Dalland, 2020, s. 91).

Eit meir kritisk perspektiv til emne blant informantane kunne bidrøge til eit større utval i innsamlingsdata. Vi opplevde etter første intervju at det var lite kritisk refleksjon kring emne gjennom dei spørsmåla vi hadde utarbeidd i intervjuguiden vår. Vi kunne mogleg ha gjort om på nokre av spørsmåla for å få vinkle inn meir kritisk refleksjon. På den andre sida hadde dette resultert i ulike svar, utan grunnlag for å kunne samanliknast. I sum utgjorde dette at vi stod igjen med datamateriell som inneholdt mykje av dei same refleksjonane og erfaringane til emne omsorgssvikt. Vi ynskja i forkant at informantane skulle delta på same grunnlag. I etterkant ser vi at det ideelle hadde vore fleire informantar, og gjerne frå andre instansar enn barnehagen.

## 4.0 EMPIRI

I dette kapittelet presentera vi funna vi har samla inn. Gjennom innsamling av data har vi fått ny innsikt i kva dei utvalde informantane sit på av erfaringar og kunnskap om emnet omsorgssvikt. Vi vonar at desse funna vil vere med å belyse, og svare på bacheloroppgåva si problemstilling, som er: *"Korleis handlar den pedagogiske leiaren ved mistanke om omsorgssvikt hjå barn i barnehagen?"*.

### 4.1 Presentasjon av informantane

For å presentere våre empiriske funn har vi nytta oss av fiktive namn. Pedagogisk leiar 1 vert kalla Christine. Pedagogisk leiar 2 vert kalla Per, og styrar vert kalla Mette.

Per har jobba nærmere tre tiår innan feltet. Han har vore borti relativt få saker knytt til omsorgsvikt. Han føler seg godt førebudd til å takle slike situasjoner, på bakgrunn av lang erfaring med arbeid i barnehage. Han presisera derimot at han ikkje følte seg budd på dette når han var nyutdanna. Christine har også jobba fleire år i barnehage. Ho fortel sjølv at ho har lang erfaring, og veit kva ho skal sjå etter når det kjem til barn utsett for omsorgssvikt. Også Christine presiserte at ho ikkje følte seg trygg på dette som nyutdanna. Christine fortel vidare: *Som ny er det greitt å vite at det finnes verktøy ein kan bruke, og at ein gjennom desse veit kva ein kan sjå etter.* Mette har stilling som styrar, men har også erfaring som pedagogisk leiar. Ho føler seg trygg på kva rutinar som gjeld. Mette seier: *Det er apparat rundt som skal hjelpe barnet, og det er ikkje du som står i det personleg, men gjennom apparatet ditt.*

#### 4.2 Kunnskap gjennom utdanninga og erfaringar gjennom yrket

Vi sit igjen med kjensla av å ha tileigna oss lite kunnskap om omsorgssvikt gjennom utdanningsløpet. Vi har nemnt at vi ynskja å ha informantar med lang erfaring innan feltet. Difor var det interessant å få eit innblikk i kor stor grad informantane opplevde å ha fått tileigna seg kunnskap gjennom utdanninga, kontra kva dei har fått tileigna seg gjennom fleire års erfaring ute i barnehagane.

Christine fortel om korleis ho har tileigna seg kunnskap om emnet: *Kva ein skal sjå etter vil komme med erfaring.* Per fortel oss at det er: *Lite eller ingenting. Skremmande lite, realitetssjokk når ein kjem ut i barnehagekvarldagen.*

I intervjuet kom det fram at alle hadde ei felles erfaring med mangel på hygiene blant barn. I det legg dei at barna gjentakande kjem til barnehagen med fulle bleier, gjerne frå dagen før. Andre erfaringar dei ytrar, har vore skitne kleder og ei sjenerande lukt. Per fortalte at eit godt foreldresamarbeid har vore viktig for han. Han legg til at det ofte har handla om uvisse blant foreldra, og at alt dei treng er ei påminning. *I etterkant er dei takknemlege for det. Dei har forstått at det er det beste for barnet,* seier han. Christine nemnte viktigheita av foreldrerettleiing. *Ein må byggje opp god relasjon til foreldre for å rettleia dei.* Ho kan fortelje oss at etter foreldrerettleiing har det vore både forbetring og forverring av situasjonen. Vidare fortel ho at ein skal skjerme barna midt oppi det heile.

Alle hadde erfaring med vanskelege Barnesamtalar. Christine fortel at ho har hatt ein eller fleire av desse. I nokre av desse har ho nytta teikning som verktøy, for å få barnet til å fortelja. Ho opplev dette som ein effektiv måte, å fortel vidare at: *Ein ikkje må legge føringer for barnet, ein må få barnet til å fortelje sjølv.* Per fortel at han ikkje har erfart mange av dessa samtalane, men har

erfaring med samtalar med bruk av bøker med lik tematikk som situasjonen som barnet oppheld seg i. På lik linje med Christine, har også Per vore borti å nytte teikning som verktøy. I motsetnad har han erfart å bruke ulike biletkort som vil gi ein peikepinn på kva barnet skal teikne. I desse teikningane vil det ofte dukke opp signal som kan vekke bekymring. *Ikkje legg ord i munn på barnet. Heller ikkje stille spørsmål som gjer at barna opplev at dei utlevera foreldra. Om dei føler at me er ute etter foreldra, vil barnet trekke seg vekk,* fortel Per om som viktige ting å hugse på i ein vanskeleg barnesamtale. Dei pedagogiske leiarane trekk begge fram at det er viktig å førebu seg til ein slik samtale. Christine ville legge til at ein god hugseregel er å ta ein eventuell samtale tett opp mot hendinga, om det skulle vere eit tilfelle der eit barn gir signal om at noko ikkje er som det skal.

#### 4.3 Signal frå barn

På bakgrunn av problemstillinga vår tykkjer vi det er viktig å vite kva ein skal sjå etter. Han legg til at barn er ulike. Nokre fortel det som har skjedd, andre lukkar seg og blir tause. Per seier at om det skulle skje ei endring i åtferda til barnet, vil det fort vekke mistanke eller bekymring. Ei bekymring han har er at mange tilfelle vil hamne utanfor radaren, nettopp på grunn av dette. Han legg til at: *Det viktigaste signalet er om ein merka endring i åtferd.* Christine seier at ho ser på utagering, inneslutting eller endring i åtferd, som moglege signal som bør vekke bekymring. Eit signal som mangel på hygiene og anna vanskjøtsel vil vere enklare å legge merke til.

#### 4.4 Pedagogisk handlingspraksis

Informantane har ei felles forståing for at gode relasjonar er spesielt viktig for dei barna som er utsett for mangel på omsorg. Dersom eit barn er spesielt utrygt og viser teikn til å trekke seg unna og lukke seg for andre, vil relasjonsbygging vere essensielt for fleire faktorar. Per peikar på at utfordringa med bemanningsnorm og lite personale i barnehagen går utover relasjonar. Det vil vere vanskeleg å føle på stabilitet og føreseielege rammer, om det alltid vil komme inn nye tilsette og utskiftingar. Per legg til at: *Barnehagen har vorten eit tilsynstilbod, meir enn eit pedagogisk tilbod.* Informantane poengterte at barnehagekvardagen består av lite pedagogisk innhald. Fokuset er å få dagane til å gå rundt. Som Per fortel er det umogleg å sjå alle barn og skape ein god relasjon til dei: *Det set seg ein klump i magen etter endt arbeidsdag. Har eg brukt nok tid på alle barna på avdelinga? Er det nokon eg ikkje har sett i løpet av dagen?*

Gjennom styrar har vi fått djupare forståing for ulike tiltak og verktøy ein kan nytte seg av i situasjonar som omhandlar omsorgssvikt. Gjennom kommunen som styrar sit i, vil den fyrste handlinga vere å finne fram til tiltakskort. I dette tilfelle vil det vere tiltakskort 16: mistanke om omsorgssvikt. Tiltakskortet tek føre seg føringar i ei bestemt rekkjefølgje. Dette oppsettet er handling, oppfølging og førebygging. Under desse står det også kven som har ansvaret. Det er også lagt til andre verktøy som er aktuelle som tiltak.

Eit av desse er ein handlingsrettleiar for BTI. Denne tek føre seg fire nivå som er kategorisert etter alvorsgrad. Det startar med nivå null, som er ei bekymring. Om det skulle vere grunn til bekymring etter samtal og rådføring går vi vidare til nivå ein. Der tiltak vert iverksett og vurdert. Om bekymringa ikkje skal involvera andre, held ein fram med lokal innsats. Om bekymringa går vidare til nivå to, vil det bli invitert inn til eit koordinerande BTI-møte med føresette. I møtet blir den koordinerande innsats vurdert og iverksett. Om barnevernet skal bli varsle allereie frå nivå ein (fysiske eller seksuelle overgrep), vil ein gå direkte til nivå tre, som inneheld undersøking og tiltak eller å leggje vekk saka.

#### **4.5 Tverrprofesjonelt samarbeid**

Opplysningsplikt til barnevernet §46 stadfestar at dersom ein jobbar i barnehagen må ein vere merksam på situasjonar som kan føre til at barnevernstenesta må gripe inn (Barnehageloven, 2022, §46). Vi såg det difor nødvendig å få eit innsyn i informantane sine erfaringar med tverrprofesjonelt samarbeid.

Eit tverrprofesjonelt samarbeid er svært effektivt, seier Christine. Ho fortel vidare at det er godt å ha til dømes barnevernet å rådføre seg med, dersom ein er usikker i ulike situasjonar. Ho føler derimot at ho sjølv må ta kontakt med barnevernet dersom ho ynskjer informasjon rundt saker ho har meldt inn til bekymring. Styraren fortalte om rutinar rundt det å melde frå til barnevernet. Mette fortel at desse erfaringane som oftast er gode. Ho opplev at det er låg terskel for å kunne ringe og spørje, drøfte, gi og få informasjon. Ho har vore i fleire systemmøter, der alle involverte instansar kan fortelje om korleis saka går. Vidare opplev ho at fleire tenkjer at barneverntenesta er noko skummelt, og at det kan vere ubehageleg å melde frå. Likevel presisera ho at barnevernet er ein god instans å samarbeide med. Det er viktig å hugse på at barnevernet på lik linje med barnehagen vil barnets beste, at dei vil hjelpe og ikkje er ute etter å ta. Ho legg til at det er lurt å rådføre seg med barnevernet om det skulle vere usikkerheit rundt situasjonar. Ein *kan ringe anonymt til barnevernet*,

*for å få rettleiing og råd. Vidare fortel ho at: Ein må hugse at ein ikkje skal "redde" dette barnet ein og aleine, men at ein står fleire instansar saman.*

Vår andre pedagogiske leiar Per, ytrar at barnevernstenesta gjer mykje bra, men at dette ikkje er kjent for folk flest. Ein kan gløyme at dei kan bidra med støtte som kan vere til hjelp for familiarar i ein vanskeleg situasjon. Han fortel at terskelen for å sende inn bekymringsmelding, eller ta ein telefon til barnevernet er høg. Derimot er han positiv til tverrfaglege team og betre tverrfagleg innsats. Her kan barnevernet få spørsmål om å vere med. Elles består det tverrfaglege teamet av helsestasjon og PP-tenesta. Desse har som regel møter ein gong i månaden dersom det er nødvendig.

Mette kan vise ei djupare erfaring og kunnskap kring praksisen i systema. Med sitt overordna ansvaret har ho plikt til å sikre seg at hennar tilsette har kunnskap om korleis ein identifisera og handtera tilfelle av omsorgssvikt. Blant anna har barnevernet tilbydd traumekurs, der ein får kunnskap om blant anna traumer frå krig. I sitt arbeid med kunnskapsformidling til dei tilsette dreg ho fram personal- og avdelingsmøter som ein god arena for å jobbe med casar og artiklar. Her har dei gjennomgang av rutinar og system som dei drøftar og diskutera. Det vil også vere rom for å kunne evaluere tidlegare handlingspraksis, for å vere budd komande tilfelle. Det er viktig å hugse på at om ein situasjon skal bli drøfta med andre tilsette og anna personale, skal det vere på kostnad av barnets beste.

Mette fortel at: *Ein må møte barna på den måten dei treng, ut i frå den informasjonen som er gitt.* Derimot kjem det fram i intervju med Per at ein slik situasjon vil vere ei påkjenning for heile personalet. Derfor vil det vere betre å skåne personalet for prosessen, og heller bruke styrar og dei andre instansane til å lene seg på. Han fortel at: *Dess færre som veit, dess enklare vil det vere å handtere situasjonen.* Vidare i intervju med Per vert det likevel påpeika at eit påfyll gjennom kursing av personalet er viktig for å tilføre kunnskap. *Kunnskap nok til at dei veit kva dei skal sjå etter, legg Per til.*

Som pedagogisk leiar er det du som har det overordna ansvaret på avdelinga. Vi har derfor spurt informantane våre om korleis dei handtera situasjonar personalet kan kome med. Om det skulle bygge seg opp ei magekjensle, kan ein leggje dette inn i ein stafettlogg. Denne stafettloggen vil innehalde informasjon om kvart enkelt barn som andre instansar og tilsette kan innhente nødvendig informasjon frå. Det er viktig å hugse på at om magekjensla og bekymringa ikkje skulle gi seg, og ein er ueinig med styrar og andre instansar, kan ein framleis gå forbi desse og melde inn. Det er det vi kallar for avverjingsplikt. Som Christine tilføyjer: *er det viktig å hugse på at barnet er mitt ansvarsområde.* Per legg også til i sitt intervju at ein arbeidar i team, og at om det skulle vere slik at

fagarbeidarar og assistentar har bekymring som dei meina er verdt å melde inn, må ein stole på at dei har god nok kunnskap og er trygg nok i deira plikt.

#### **4.7 Informantane sine oppsummeringar av intervjua**

Avslutningsvis spurde vi informantane "Om du skal trekke ut tre ting du meina er det viktigaste vi har snakka om, kva vil det vere?" Dette spørsmålet skulle vere med på å trekke ut og summere opp kjerna i intervjuet. Her fekk informantane fortelje oss det dei meina var det viktigaste å vidareformidle til oss som framtidige barnehagelærarar, men også i høve til denne bacheloroppgåva.

Det første Mette ønskete å trekke fram var:

*"Vaksne som ser, og vaksne som torer å handle".*

Dette synst vi var så oppsummerande for kva vi ønsker å formidle med bacheloroppgåva vår. Vidare repeterte ho at det viktigaste av det ho hadde fortalt, var at vi som jobbar i dette yrket bør tenkte på barnets beste. Legge vekk personlege relasjonar, og melde ei gong for mykje. I intervju med Mette var det fokus på system, rutinar og tiltak. Vi var så heldige å få sjå og forklart både tiltakskort, handlingsrettleiar og bekymringsskala knytt til ulike situasjonar.

Når Per skulle trekke ut kjernen frå sitt intervju, la han vekt på relasjonsbygging og det å vere trygg i si eiga plikt. Med relasjonsbygging meinte han det å ha tid til å kome tett på kvart enkelt barn. Han påpeikte at dette var vanskeleg med den bemanningsproblematikken som barnehagane står ovanfor i dag. Det var vanskeleg å ha personale nok til å halde på føreseielege rammer, som gjer det vanskelegare å leggje merke til ting og endringa i barnegruppa. Med å vere trygg i si plikt meinte han, det å kjenne til system i barnehagen.

Christine la til at det finst rutinar og reiskap ein skal bruke for å kunne hjelpe, og vite kva ein skal sjå etter. Ho legg til at ein skal tote på at ein har fagkunnskap og at ein bør ha ein handlingspraksis som er retta deretter. Ho seier vidare at omsorgspersonar ikkje skal vere eit hinder dersom ein har bekymring. *Ein er heller ikkje åleine, ein har alltid teamet sitt med seg.*

### **5.0 DRØFTING**

I dette kapittelet vil vi drøfte empiri opp mot teori for å setje det inn i ein større samanheng. I likskap med resten av oppgåva er kapittelet delt inn i ulike kategoriar. Her trekk vi fram eigne refleksjonar og tankar. Vi gjentar vår problemstilling: *"Korleis kan den pedagogiske leiaren handle ved mistanke om omsorgssvikt hjå barn i barnehagen?"*.

### **5.1 Kunnskap gjennom utdanninga og erfaringar gjennom yrket**

Det er heilt klart at barn som vert utsett for omsorgssvikt kan oppleve utfordringar (Drugli & Onsøien, 2021, s. 84). Konsekvensane kan prege barnet i større eller mindre grad i eit livsløpsperspektiv.

Fysisk- og psykisk vald, seksuelle overgrep og vanskjøtsel vil inkludere utfordringar med mentale helseproblem, emosjonell regulering, vanskar med å danne sunne relasjonar til både seg sjølv og andre, samt fysiske skader. For å hindre at barn vert utsett for ein slik type risiko og svikt i omsorga, er det viktig at vi som skal arbeide med barn har kompetanse til å oppdage og kunnskap til å handle.

Det er urovekkande å lese om forsking som tek føre seg statistikk på kor mange studentar på barnehagelærarutdanninga, som føler dei ikkje har fått tilstrekkeleg kunnskap gjennom undervisning (Øverlien & Sogn, 2007). Kunnskap vil gjøre oss trygge i eigen profesjon, samt gi oss mot til å handle. Etter vår datainnsamling kan vi trekke trådar til den teorien og forskinga vi har vist til tidlegare. Informantane våre var tydlege på at erfaring gjennom eit langt yrkesliv har ført til tryggheit til å oppdage, avdekke og handle der det er omsorgssvikt.

Funna våre har gitt oss inntrykk av at informantane følte seg budd på å handtere situasjonar, grunna si lange erfaring. Erfaring er viktig for å kunne identifisere og handle ved mistanke og bekymring om omsorgssvikt. Likevel konkluderte dei med at det bør vere meir fokus på omsorgssvikt og barn i utsette livssituasjonar gjennom utdanningsforløpet. Gjennom forsking, informantar og eigne erfaringar stiller vi oss spørsmål om vi som barnehagelærar lenar oss for mykje på dei andre instansane når det gjeld omsorgssvikt. Det kan vere fleire grunnar til dette, men vi kan forstå det som at ein vert for usikker i det ansvaret ein er plikta til å forvalte. Vi kan vere redd for å handle på eiga hand med den snevre kompetansen vi sjølv føler at vi sit på, samt å handle feil. Vi er opplyste i dei ulike instansane sine roller og kva dei ulike utdanningane skal innehalde fagleg. Likevel føler vi at eit så alvorleg emne bør ha større plass på barnehagelærarutdanninga. Dette kan truleg gi barnehagelærarane større føresetnader til å avdekke tilfelle av omsorgssvikt.

Vi har forståing for at det gjennom utdanninga vil vere eit større fokus på å sjå dei "normale" sidene ved barn si utvikling, danning og motorikk (Øverlien & Sogn, 2007, s. 34). Vidare er det viktig at vi

som studentar har kjennskap til dei ulike arenaene barn skal bevege og utvikle seg på. Ved den treårige utdanninga sit vi som studentar igjen med opplevinga av eit breitt læringsutbytte, og føler oss nokså klar for å legge opp til gode pedagogiske tilbod i barnehagane. Om ein har kunnskap om barn som er på sitt aldersadekvate utviklingsnivå, vil ein lettare kunne oppdage dei barna som fell utanfor. Vi sit likevel igjen med kjensla av å ikkje strekke *nok* fagleg til, om det skulle vere barn som fell utanfor desse nivåa.

Tilsette i barnehagen vil vere dei fyrste som kan oppdage eit barn utsett for omsorgssvikt. Derfor bør den pedagogiske leiaren ha nok kunnskap om emnet til å identifisere. I tillegg til verktøy som kan vise til korleis ein kan rapportere sine bekymringar tidleg. Dette vil kunne hjelpe og støtte barnet så raskt som mogleg (Drugli & Onsøien, 2021, s. 196-197).

## 5.2 Signal frå barn

Som Killén (2021) skriv er psykiske overgrep truleg den vanskelegaste forma for omsorgssvikt å definere. Like vanskeleg som å definere, vil det vere å fange opp barn sine traume og innvendige sår på bakgrunn av overgrepa dei er vorte utsett for (Killén, 2021, s. 48). For å få eit barn til å fortelje om sin innvendige fortviling, krevst det i dei fleste tilfelle at dei kjenner tryggleik og tilhøyrslle med den personen dei skal opne seg for. For å få dette til krevst det gode relasjonar (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 98). Relasjonskompetanse vil difor vere essensielt om ein arbeidar tett på barn (Johannessen & Mikkelsen, 2015, s. 28). Den pedagogiske leiaren med kunnskap til å gjenkjenna og reagere på signal på omsorgssvikt, vil også vere i stand til å skape eit trygt og støttande miljø for barnet. Gode relasjonar vil også bidra til at barnet klarar å uttrykke sine kjensler og behov (Johannessen & Mikkelsen, 2015, s. 30).

Barn gir ulike signal. Nokre av desse kan vere vanskelege å tolke. Gjennom mediebilete ser ein ofte sakene der omsorgspersonane med vilje har påført eit barn fysiske og psykiske traume. Det er i mange tilfelle motsett. Omsorgspersonane har rett og slett ikkje evna til å oppfatte og lese signala på kva barnet faktisk har behov for (Nordhaug, 2018, s. 13). Dette trass i eit indre ønske om å gi barnet eit godt liv. Til dømes kan omsorgspersonar med store rusproblem ha mangel på ei evne til å gi barnet ein stabil og trygg kvardag (Nordhaug, 2018, s. 13). I staden er dagane prega av dårlege økonomiske vilkår og ein fråverande relasjon til barnet generelt. Barnet kan hamne i rollereversering med omsorgspersonen sin, og må ta på seg oppgåver barnet ikkje er i stand til å meistre (Kvello, 2015, s. 95). I eit lengre perspektiv kan det føre til at barnet må bli fort vaksen, og vert på denne måten frårøva den viktige barndommen sin.

Om ein omsorgsperson ber på ei stor sorg eller bitterheit for å bli forletne, kan signal frå barna verte ei utfordring å lese. Omsorgspersonen har nok med å kome seg gjennom dagane på eiga hand. Det er difor umogleg å dekke omsorgsbehova barna har krav på, og uttrykk gjennom signal. For å skulle ta vare på andre, må ein fyrst og fremst kunne ta vare på seg sjølv, og vere i stand til å tote å innrømme at ein ikkje meistrar omsorgsrolla. Som Per nemnte i intervjuet opplev han at i dei fleste tilfelle han har vore borti, handlar mykje om uvisse blant omsorgspersonane.

### 5.3 Pedagogisk handlingspraksis

Det er viktig å trø varsamt ovanfor eit barn i ein utsett livssituasjon. Ein skal fyrst og fremst legge til rette for barnet sine individuelle behov. Det er også viktig å ha i bakhovudet at ein skal beskytte barnet ut i frå alvorsgrada situasjonen har. På den andre sida vil dei aller fleste barn stå ovanfor lojalitet til sine omsorgspersonar. På grunn av dette vil dei også beskytte dei, og den relasjonen dei har. Tross for at relasjonen ikkje er som den burde vere. Difor er det viktig at ein tenkjer over måten ein ter seg på i møtet med eit barn ein er bekymra for. Dette gjeld også i etterkant av oppståtte situasjonar. Eit barn kan lukke seg for andre, om det føler på uvissheit og skyld.

Under vanskelege samtalar med barn har vi vist til fleire alternative metodar ein kan nytte seg av (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 98 - 99). Ein metode informantane hadde god erfaring med var å nytte teikning. Dette har også ein av oss erfart som ein god metode i praksis. I motsetnad til informantane, har denne erfaringa vore med friteikning. Ein har deretter samtala i ein naturleg setting med barnet, om kva det har teikna. I samtaLEN utdjupa barnet kjensler kring tematikken i teikninga, og ein fekk tydleg informasjon for å kunne sjå bekymringa i ein større samanheng. Ein av våre informantar fortel om teikning i form av teiknekort. Informanten trakk fram eit kort med eit spesifikt tema, barnet skulle så teikne. Ved ei slik tilnærming opplev vi at ein må ha meir bakgrunnsinformasjon i forkant, for å kunne vite kva tema ein skal gå djupare inn på. I motsetnad til friteikning, der barnet gir deg meir informasjon ubevisst.

Ut i frå eigne opplevingar vil vi seie at ved friteikning oppstår bekymring, medan ved teiknekort er det allereie ei bekymring der. Ein anna erfaring er bruk av barnelitteratur for å få barn i samtale om det dei kjenner på. Bøker vil vere ein god mal til å samtale om barnet sine tankar, og hjelpe det til å rekonstruere hendingane dei har opplevd (Nordhaug, 2018, s. 94). Når barnet får kjensla av å ikkje føle seg åleine om sine tankar, bidreg det til at barnet opnar seg og føler seg anerkjent. Slike verktøy kan hjelpe den pedagogiske leiaren i å utføre vanskelege barnesamtalar, dersom ein er usikker.

Under barnehagelærarutdanninga tileignar vi oss god kunnskap om korleis vi kan leggje til rette for leik og aktivitetar som gir barn moglegheita til å utvikle seg, og lære på best mogleg måte. Leik og aktivitetar er sentrale element i barnehagen sitt læringsmiljø. I barnehagen kan eit barn lære å utforske og oppdage verda rundt seg, utvikle språk og kommunikasjonsferdigheitar, utvikle kreativitet og fantasi, utvikle fin- og grovmotoriske ferdigheitar og å lære å samarbeide og sosialisere seg med andre. Vi opplev dette som grunnleggjande faktorar i barn sine behov, og ei utfyllande omsorg. Barn som opplev minimalt med omsorg i heimen kan ha eit større behov for å utvikle seg, og å føle seg verdsett av dei vaksne rundt seg i barnehagen. Det er viktig å gi barn kompensert omsorg i barnehagen (Drugli & Onsøien, 2021, s. 89).

Ei kompensert omsorg vil mest truleg bidra til å gi barna ei positiv oppleving av relasjonar og samspel saman med andre vaksne. Denne relasjonen har kanskje vore fråverande i heimen, og barnet har mista tiltru til menneske som skal ta vare på det. Eit barn som har opplevd å bli slått av omsorgspersonen, vil med stort sannsyn få eit forvrengt bilet av andre omsorgspersonar. Traumet kan bidra til at barnet trur at alle omsorgspersonar er farlege, og at alle viser ei fysisk valdeleg åtferd. Gjennom gode relasjonar saman med vaksne og dei andre barna i barnehagen, kan barnet utvikle empati og sosiale ferdigheter, samt lære seg å samarbeide og kommunisere (Drugli & Onsøien, 2021, s. 89). I sum kan kompensert omsorg i barnehagen vere eit avgjerande bidrag for å sikre at alle barn, uavhengig av omsorga dei opplev heime, får ein god start på livet.

Under intervju presiserte informantane at å ha ein større fagkunnskap og kompetanse i feltet vil no kanskje vere enda viktigare enn tidlegare. Dei sa vidare at problematikken med bemanninga i dag vil gjere det vanskelegare å fange opp mistankar, eller bygge relasjonar til barna. Vi deler denne bekymringa. Personalet i barnehagen vil vere dei som er mest med barnet i løpet av ein dag, og vil difor vere den arenaen som får innsyn i nemnt samspel, tilnærma kvar einaste dag (Killén, 2015, s. 370).

I ein hente- og bringe situasjon har den pedagogiske leiaren ein unik moglegheit til å gjere systematiske observasjonar av samspelet som går føre seg mellom barnet og omsorgspersonen. Situasjonen vil ofte vere prega av stress, og barna sine tilknytingsstrategiar vil verte synlege (Killén, 2015, s. 370). Av eigne erfaringar har vi tidlegare opplevd at nettopp ein hente- og bringesituasjon har vore ein plass med rom for å kunne samtale med omsorgspersonane over noko lengre tid. Etterkvart som vi starta på utdanninga og har vore ute i praksis, har vi opplevd bemanningsnorma som eit vesentleg problem på fleire område. Blant anna har desse gode samtalane med

omsorgspersonane vorte nedprioritert, og hente- og bringesituasjonane har meir eller mindre vorte eit "hei" og "hadet". I sum opplev vi dette som ein konsekvens for relasjonsbygging med både omsorgspersonen og barnet. Dette fører til at den pedagogiske leiaren må vere i stand til å kunne tolke og kjenne att teikn på omsorgssvikt, og signal frå barn enda meir i uformelle situasjonar. Her er som nemnt kunnskap og kompetanse heilt sentralt.

Barn er sårbare, og det er viktig å skåne barna når ein tek opp hendingar med deira omsorgspersonar. Det er avgjerande å redusere alle former for traume og belastningar på barnet i situasjonar der det er svikt i omsorgsrolla. Å konfrontere omsorgspersonar direkte med gitte hendingar kan føre til ein defensiv reaksjon. For nokre omsorgspersonar er det dei utsett barna for, anten bevisst eller ubevisst. Dei kan derfor sitje igjen med kjensla av skam, skyld eller sinne. Reaksjonane kan føre til ei større motstand for samarbeid med den pedagogiske leiaren i barnehagen, samt andre instansar. Difor bør den pedagogiske leiaren kommunisere med omsorgspersonane på ein støttande og konstruktiv måte. Tryggleikssirkelen kan vere eit godt verktøy (Kvello, 2015, s. 113). Ein må vise omsorgspersonane at ein vil hjelpe, ikkje det motsette.

#### **5.4 Tverrprofessionelt samarbeid**

Informantane påpeika at ein er på jobb for barna. Å melde inn saker som bekymrar kan vere ubehageleg, men som pedagogisk leiar er det viktig å ha i bakhovudet at ein er barna sin advokat. Dersom ei bekymring vert så alvorleg at ein må melde til barnevernet, kan ein oppleve å kjenne på kjensla av å skuffe familien, og at ein går bak ryggen på dei. Midt oppi alt er vi som profesjonsutøvarar også "berre menneske". Det kan vere utfordrande å ikkje la ei sak med omsorgssvikt prege deg. Like vanskeleg kan det vere å skilje mellom privat og profesjonell, om ein vert kjenslemessig involvert i saka. Som vi syner til i intervjuguiden (vedlegg 1 og 2) spurte vi informantane om korleis dei trur handlingspraksisen deira vart påverka i ein omsorgssviktsituasjon i ei bygd der alle kjenner alle. Mette var tydleg på at ein bør ha fokus på å leggje vekk personlege relasjonar. Vi stiller oss bak utsegna hennar: *Heller ein gong for mykje, enn ein gong for lite.*

Som Statistisk Sentralbyrå [1] syner til kan ein sjå ei drastisk auking på tal bekymringsmeldingar til barnevernstenesta frå 2012 til 2021. Når ein ser på den drastiske aukinga som har vore, kan ein tenkje seg til at det også har vore ei tydleg auking i meldingar frå barnehagar, også i 2021. På den andre sida ser vi at det i 2020 var mindre tal bekymringsmeldingar inn til barnevernet, frå barnehagen. Av 56802 innmeldingar til barnevernet, var fem prosent av desse frå barnehagar. 2020 var også året der barnehagane vart ramma av koronapandemien. Dette førte til at barna var mindre i

barnehagen og meir saman med omsorgspersonane. Dette gjorde eventuelle svikt i omsorga mindre synlege for den pedagogiske leiaren. Det kan tenkast at det i denne perioden gjekk saker under radaren. Eit problem som ein tilsynelatande også står ovanfor no, når låg bemanning og mangel på fagleg kompetanse blant personalet er eit faktum.

Det er heilt klart at vi treng eit tverrprofesjonelt samarbeid. For å lukkast vil ei heilskapleg, differensiert tilnærming (HDT) vere vesentleg (Killén, 2015, s. 77). Ulike profesjonar bør ta ansvar og bidra på ulike nivå. Gjennom dei ulike utdanningane vert det veklagt forskjellig kjernekompesanse (Willumsen, 2016, s. 39). Med instansar som sit på ulike erfaringar og kompetanse, vil eit samarbeid verte sentralt for å hjelpe eit sårbart barn eller ein sårbart familie. For at den pedagogiske leiaren skal kunne møte det utsette barnet på best mogleg vis, krevst det at ein veit kva som går føre seg i vedkomande sitt liv. Utan tilgang på denne informasjonen får ein som pedagogisk leiar ikkje tilrettelagt for barnet. Ein konsekvens av dette kan vere at barnet føler seg utrygt eller det kan kjenne på endringar som fører til usikkerheit.

Etablerte rutinar kan fungere for å dele informasjon begge vegar, mellom barnehagen og andre instansar. Dette vil sikre at barnehagen får den informasjonen dei treng for å møte barnet, slik at det får den støtta og hjelpa som trengst. Likevel er det heile tida viktig å ta omsyn til personvern, og teieplikta til dei ulike involverte partane (Willumsen, 2016, s. 44). På bakgrunn av den teieplikta som er bindande for alle partar, opplev Per at han får for lite informasjon tilbake frå barnevernet. Informantane våre har hatt ulik erfaring med tilbakemelding frå barnevernet. Det kan sjå ut til at det er ulik praksis i dei ulike kommunane. Informantane var samde i at det kan opplevast vanskeleg å gi barnet det det har behov for, når ein ikkje har all den viktige informasjonen, som ei støtte for dei vala og handlingane ein gjer.

Når ein snakkar om informasjonsdeling mellom ulike instansar, har det også kome fram ulike meningar om kva som er god informasjonsdeling blant informantane våre. Per hadde erfaring og opplevelinga av at det beste er å dele den absolutte nødvendige informasjonen om barnet til resten av personalgruppa. Med det meinte Per at det vert delt informasjon, som gjer at resten av personalet kan vere med på å bidra til gode og trygge dagar for det utsette barnet. Det vart presisert at styrar og andre instansar var tilstrekkeleg å støtte seg på. Per poengterte: *Dess færre som veit, dess betre.* Resten av informasjonen skal haldast meir tilbake for å sikre personvern og utlevering av barn og familie i ein sårbart situasjon. Christine og Mette meinat at omrent all informasjon skal delast til heile personalgruppa som på dagleg basis er involvert i barnet. Også her med grunngjevnad i å møte barnet på best moglege måten.

Det kan vere ei utfordring å finne ein balanse mellom desse to synspunkta. Vi ser det som viktig å ivareta både personvern og omsyn til barn og familie. Å dele for mykje informasjon mellom avdelingar og personale, kan vere krenkande og invaderande for familien og barnet. På den andre sida vil det gå utover barnet om personalet ikkje har tilstrekkeleg informasjon, som kan føre til god nok tilpassing og tryggleik for barnet i ein barnehagekvardag. Det er lett å sitje å lage seg opp tankar om korleis handlingspraksisen rundt gitt emne burde vere ute i barnehagane. Derimot er det ikkje alltid like enkelt å kombinere teori opp mot kva ein faktisk får til i praksis. Når ein ser på korleis handlingspraksis er ulik frå kommune til kommune, har vi tiltru til at begge partar med ulike synspunkt handlar med bakgrunn i det dei opplev som vert til barna og familien sitt beste. Det er nok ingen fasit på om den eine måten er betre enn den andre. Viktigast av alt er at ein skånar barnet og familien, og held i hevd både personvern og teieplikta. Vidare har vi tru på at det vil vere eit nøkkelgode å utarbeide ein gjennomtenkt handlingsplan med like rettleiingslinjer. Slike rutinar kan bidra til å skape føreseielege rammer og ein lik handlingspraksis mellom personalet.

For å skulle kunne lykkast i eit godt tverrprofesjonelt samarbeid har vi tiltru til dei tverrfaglege møta. Ved å ha faste møte har ein eit jamt samarbeid med dei andre instansane, noko som vi trur vil vere styrkande i situasjonar der alvorlege omsorgssviktsituasjonar finn stad. Ein vil bygge relasjoner til kvarandre i teamet, og finne ut av kvarandre sine styrker og svakheiter (Willumsen, 2016, s. 39). Dette vil igjen føre til at ein jobbar meir effektivt når det verkeleg gjelder. Fleire kan observere eller ha observasjonar kring barnet eller familien, og det tverrfaglege teamet kan rádføre seg saman i forkant, undervegs og i etterkant (Willumsen, 2016, s. 39). Om barnet sin situasjon er i fokus, og alle bidreg der dei kan etter fagleg skjønn, vil ein vere eit steg vidare i å hjelpe barnet i situasjonen.

Av erfaring er alle menneske ulike, og det vil alltid vere ulike meininger i eit slikt team. Ei barriere ein kan støyte på gjennom eit tverrfagleg team kan vere å sitje igjen med kjensla av at ingen har delt di bekymring, og meina ein kan leggje vekk saka. Kan nokon barn difor gå under radaren? Det vil vi nok ikkje finne svar på, før dette barnet vil vere i stand til å kunne ytre det sjølv. Da kan det allereie vere for seint. Med det meina vi at konsekvensane allereie har vorte ein dominerande faktor. Vi vonar difor at alle involverte partar i eit tverrfagleg team er på jobb for barnet, og har deira ve og vel som eit gjennomgåande fokus i den innsatsen dei legg ned. Gjennom intervju med barnevern, hadde vi eit sterkt ynskje om å få innsikt i kva som skjer dersom eit tverrfagleg team tar ei feil avgjersle, og ser på situasjonen som mindre alvorleg enn det den eigentleg er. Same på den motsette sida. Kva skjer dersom ein situasjon vert tatt ut av kontekst, og ein grip inn i større grad enn ein i utgangspunktet burde. Sidan vi ikkje fekk til eit slikt intervju, er det vanskeleg å uttale seg om slike hendingar.

Dei ulike instansane har ulike lover og retningslinjer å forvalte arbeidet sitt ut i frå. Difor vert det også automatisk ulike arbeidsoppgåver. Sjølv om vi som skal arbeide i barnehagen har eit ynskje om ei gjensidig informasjonsdeling, må vi også hugse på at alle involverte instansar har ulike roller. Den pedagogiske leiaren må vise respekt ovanfor dei andre instansane si rolle i ein omsorgssviktsituasjon. Sjølv om ein kan kjenne på ei stor bekymring, har den pedagogiske leiaren ingen rett til å til dømes gripe inn i heimen. Her er det barnevernet som sit på myndigheita (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 99). Det er heller ingen som skal hjelpe eit barn eller sette i verk tiltak for eit barn aleine. Vi må alle vere klar over vår profesjon og roller, og ta desse på alvor. Vidare må vi ha respekt for andre sine arbeidsmåtar. Til dømes ved ein vanskeleg barnesamtale der den pedagogiske leiaren må halde seg innanfor sitt felt, faglege moglegheiter og avgrensingar (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 99).

Med alle desse rollene i vurdering, bør den pedagogiske leiaren kjenne til ein av sine viktigaste roller og mandat. §46 i barnehagelova (2022) viser til den pedagogiske leiaren si meldeplikt til barnevernet, dersom ein har mistanke om at eit barn vert utsett for omsorgssvikt (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 18). Sjølv om vi som framtidige barnehagelærarar kjenner på eit ynskje om at vi vil gjere alt vi kan for dei sårbare barna, er det likevel viktig at vi kjenner til våre avgrensingar og kor langt vi kan strekke oss i høve lova. Som nyutdanna vil det vere utfordrande å vite kvar grensa går. Difor er det trygt å vite at terskelen er låg for å drøfte anonymt med barnevernet, dersom ein føler seg usikker.

## 6.0 AVSLUTNING OG VEGEN VIDARE

Formålet med denne oppgåva var å finne ut av *korleis den pedagogiske leiaren kan handle ved mistanke om omsorgssvikt hjå barn i barnehagen*. Gjennom forskingsarbeid på bakgrunn av problemstillinga vår, har vi reflektert over ulike emne innanfor korleis ein kan handtere barn i ein omsorgssviktsituasjon. Vi har fått ei djupare forståing for kva signal barn kan vise, og kvifor omsorgspersonar sviktar. Vidare har vi fått innsikt i ulike verktøy ein kan nytte under slike situasjonar, det tverrprofesjonelle samarbeidet og kvifor barn i utsette livssituasjonar bør vere ei høgare priorititet i utdanningsforløpet.

Vi har valt å rette eit søkjelys mot kvifor det er viktig å ha fagleg kunnskap i situasjonar som omhandlar barn utsett for omsorgssvikt. Vi meina at dersom ein skal ha føresetnader for å kunne handle i barnets favør, må ein ha kunnskap og kompetanse, saman med erfaring på området. Denne samansetjinga vil gi oss føresetnader til å vite kva vi skal sjå etter, og korleis ein skal handle. Sjølv om det er nettopp gjennom den treårige utdanninga vi vil tilegne oss ei utvikling innan det faglege, vil vi

nok aldri verte ferdig utlærde på feltet. Med denne faglege kunnskapen, vil ein saman med dei erfaringane ein gjer seg ute i felt, vere budd på å kunne ta dei rette vala og avgjerslene som er basert på barnet og menneska rundt sitt beste.

Når vi no gjennom forskinga vår har knytt trådar mellom empiri og teori, ser vi at *observasjon, dokumentasjon, rådføring med andre instansar, vurdering av tiltak og oppfølging av situasjonen* vil vere sentrale handlingar for ein pedagogisk leiar. Desse bør ein ha kunnskap og kompetanse om, samt mot til å utføre. Me opplev at det ikkje er nokon fasit på kva som er omsorgssvikt, og kva som ikkje er. Omsorgssvikt er eit samansett, relativt og sårt fenomen, som vil bestå av fleire nyansar og alvorsgrader (Killén, 2021, s. 32). Tverrprofesjonelt samarbeid på tvers av ulike instansar vil vere essensielt for å kunne hjelpe barnet i ein større heilskap. Ein er gjensidig avhengig av kvarandre, og er nøydd til å forvalte den faglege kunnskapen sin på tvers av kvarandre.

Gjennom å jobbe med denne bacheloroppgåva har vi tileigna oss innsikt gjennom litteratur, forsking og eigne erfaringar om kvifor det er så viktig å ha fagleg kunnskap og kompetanse om barn i utsette livssituasjonar i barnehagen. Vi vonar at denne oppgåva vil vere med på å kunne bidra til at tematikken vert ein høgare prioritet i barnehagelærarutdanninga. Barn utsett for omsorgssvikt kan ha utfordringar med vidare etablering, fysisk og psykisk helse, relasjonar og tilknytingar. Dette kan vere livsvarige konsekvensar. Ved å vere i stand til å kunne oppdage, avdekke og eventuelt avverje omsorgssvikt, vil dette gagne barna i eit større samfunnsperspektiv. I sum vil dette gi dei utsette barna dei same føresetnadane til ei god framtid, som andre medlemmar av samfunnet.

## 7.0 LITTERATURLISTE

Barnehageloven (2022). *Lov om barnehager* (LOV-2005-06-17-64) Lovdata.

<https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64/§46>

Bergsland, M. D. & Jæger, H. (2022). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (2.utg.).

Cappelen Damm Akademisk.

Bratterud, Å & Emilsen, K. (2013). *Dørstokkmila: Barnehagens vei fra magekjensla til melding*.

Fagbokforlaget

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7.utg.). Gyldendal.

Drugli, M. B. & Onsøien, R. (2021). *Sårbare småbarn*. Cappelen Damm Akademisk.

Hafstad, R. & Øvreeide, H. (2013). *Utviklingsstøtte: Foreldrefokusert arbeid med barn*.

Høyskoleforlaget AS.

Jacobsen, D. I. (2022). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (4. Utg.) Cappelen Damm Akademisk.

Johannessen, C. U. & Mikkelsen, E. (2015). *Relasjonsbygging i barnehagen: Utvikling av samhandlingskompetanse mellom barnehage, barnevern og foreldre*. Gyldendal Akademisk

Killén, K. (2021). *Sveket I: Risiko og omsorgssvikt- et helseproblem* (6. Utg.). Kommuneforlaget AS

Killén, K. (2019). *Sveket II: Ansvar og (be)handling* (5. Utg.). Kommuneforlaget AS

Killén, K. (2015). *Sveket I: Risiko og omsorgssvikt: Eit helseproblem og tverrfagleg ansvar* (5.utg.).

Kommuneforlaget AS.

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver*. Udir.

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko: Skadelige omsorgssituasjoner* (2. Utg.). Gyldendal Akademisk

Nordhaug, I. (2018). *Kva ser vi- kva gjer vi?: Omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Skulen og barnehagen sine oppgåver*. Fagbokforlaget

Rienecker, L. & Jørgensen, P. S. (2013). *Den gode oppgaven: Håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole* (2.utg.). Fagbokforlaget.

[1] Statistisk sentralbyrå, *Hovudtal for barnevernsstatistikken*, 2022. [Online].

<https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/barne-og-familievern/statistikk/barnevern>

Stine Sofies Stiftelsen. (2018). *Konsekvenser av vold og overgrep*.

<https://www.stinesofiesstiftelse.no/tema/konsekvenser>

Willumsen, E. & Ødegård, A. (Red.) (2016). *Tverrprofessionelt samarbeid: Et samfunnsoppdrag* (2. Utg.) Universitetsforlaget.

Øverlien, C. & Sogn, H. (2007). Kunnskap gir mot til å se og trygghet til å handle. *Publikasjonsserie fra Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatiske stress, Rapport nr. (3/2007)*.

[https://www.nkvts.no/content/uploads/2018/10/kunnskapmottrygghethandle\\_2007.pdf](https://www.nkvts.no/content/uploads/2018/10/kunnskapmottrygghethandle_2007.pdf)

## 8.0 VEDLEGG

### 8.1 Samtykkeskjema

#### Samtykkeskjema for deltaking til bacheloroppgåve

#### Barnehagelærarutdanninga, HVL

Dette er eit spørsmål om du ønsker å delta som informant til vår bacheloroppgåve. Formålet med oppgåva er å undersøke temaet **omsorgssvikt**.

#### Problemstillinga vår er:

«*Korleis kan den pedagogiske leiaren handle ved mistanke om omsorgssvikt hjå barn i barnehagen?»*

#### Kva inneberer det for deg å delta?

Dersom du ønsker å delta i prosjektet, inneberer det deltaking i eit kvalitativt individuelt intervju. Intervjuet vil innehalde spørsmål som vil fokusere på erfaringar knytt opp til barn utsett for omsorgssvikt. Spørsmåla vil også rettast mot barnehagen sin handlingspraksis knytt opp til temaet. Rettleiar vil få innsyn i informasjon frå intervjuet. Det vil derimot ikkje bli gitt personopplysningar eller andre opplysningar som kan føre til identifikasjon av deg.

#### Det er frivillig å delta

Det er heilt frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket ditt, utan å oppgi grunn. Alle dine personopplysningar og informasjon frå intervjuet vil da bli slettet.

#### Ditt personvern – Korleis vi oppbevara dine opplysningar

Datamaterialet og oppgåva vil vere anonymisert og det vil dermed ikkje vere mogleg at nokon gjenkjenner deg. Vi vil behandle personopplysningane konfidensielt og i samsvar med

personvernregelverket. Notater frå intervjuet vil oppbevarast utilgjengelig for andre. Dersom det kjem fram personopplysningar undervegs i intervjuet, vil desse bli koda slik at det kun er vi som forstår kva dei betyr.

## Kva skjer med opplysningane etter at bacheloroppgåva er levert?

Notatane frå intervjuet makulerast og blir sletta når oppgåva er levert og godkjent. Oppgåva skal leverast 25. Mai, deretter følger ein tre veker sensurtid.

## Kor kan du finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til oppgåva eller ønsker meir informasjon. Ta gjerne kontakt med:

**Student 1**

**Student 2**

**Eller vår rettleiar**

## Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet, og fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

Å delta i



Eit kvalitativt intervju om emnet omsorgssvikt.

Eg samtykker til at mine svar kan oppbevarast og behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signatur av prosjektdeltakar, sted og dato)

**PEDAGOGISK LEIAR OG STYRAR**

Først og fremst vil vi takke for at du tek deg tid til å hjelpe oss med innsamling, som kan vere med på å svare på problemstillinga vår. «*Korleis kan den pedagogiske leiaren handle ved mistanke om omsorgssvikt hjå barn i barnehagen?*».

Intervjuet vil vere semi-strukturert, og innehalde spørsmål som vil fokusere på erfaringar knytt opp til barn utsett for omsorgssvikt. Spørsmåla vil også rettast mot barnehagen sin handlingspraksis knytt opp til temaet. Intervjuet er satt opp i ulike kategoriar, med ulike refleksjonsspørsmål. Vi tenker at intervjuet vil ta om lag ein time. Vi vonar der i mot at tida kan vere noko fleksibel trass travle tider i barnehagen.

Takk!

## 8.2 Intervju pedagogisk leiar

### 1.0 TANKAR KRING OMSORGSSVIKT

**1.1** Kva legg du i omgrepet omsorgssvikt?

**1.2** Kva trur du er årsakene til at nokre barn opplev omsorgssvikt?

**1.3** I kor stor grad føler du deg førebudd på å handtere ein situasjon med barn utsett for omsorgssvikt?

**1.4** Korleis kan du som pedagogisk leiar jobbe for gode relasjoner til barnegruppa, som kan vere med på å få barnet til å opne seg opp om sine tankar og følelsar?

**1.5** Opplev du at barna gir deg tydlege signal på at det er noko som ikkje stemmer, eller må ein sjå meir mellom linjene for å kunne oppdage mangel på omsorg? I så tilfelle kva signal er dette?

### 2.0 DEN FØRSTE MAGEKJENSLA

**2.1** Korleis erfaringar har du i arbeid med barn utsett for omsorgssvikt?

**2.2** Har du nokre refleksjonar rundt eit tilfelle om omsorgssvikt, som har vekka bekymring og ei därleg magekjensle?

**2.3** Korleis har dine mistankar kring omsorgssvikt påverka din handlingspraksis i barnehagen?

**2.4** Opplev du at personlege etiske utfordringar er ei barriere, for å gå vidare med bekymring om mistanke om omsorgssvikt?

**2.5** Når du jobbar i ein liten kommune og alle kjenner alle, korleis tenker du det påverkar ein slik situasjon? Trur du det vil vere enklare å overidentifisere seg sjølv med foreldra og bagatellisere situasjonen?

### 3.0 FRÅ MAGEKJENSLA TIL HANDLING

**3.1** Har du hatt ein eller fleire “vanskelege Barnesamtala” med eit barn? Korleis har du førebudd deg? Korleis har denne samtalet føregått? Kva verktøy har du nytta? Kva har du fått ut av ein slik samtale?

**3.2** Dersom ein kollega kjem til deg med bekymringar om eit barn, korleis vil du som pedagogisk leiar handtere dette? Korleis går den pedagogiske leiinga føre seg? Skal kollegaen vere med i

avdekkingsfasen, eller er det noko du gjer sjølv?

**3.3** Korleis kan du vere ein trygg vaksen for eit barn du veit er utsett for omsorgssvikt? Korleis gjere barnehagekvardagen enklast mogleg for dette barnet?

#### **4.0 KONSEKVENSAR**

**4.1** Barnhagen har eit tett, nært og viktig forhold ovanfor barn og foreldre. Er du bekymra for å mistenkeleggjera foreldre når mangelen på omsorg ikkje er heilt openbart? Korleis trur du dette vil påverke relasjonen og tilliten mellom fagperson og familien i framtida?

**4.2** Korleis kan ein sørge for at barn som har opplevd omsorgssvikt får den hjelpa og støtta dei treng for å kunne arbeide med traumene sine, og kome seg vidare i livet?

#### **5.0 TVERRPROFESJONELT SAMARBEID**

**5.1** Korleis opplev du det er å ta kontakt med barnevernet for å rådføre seg, og for å melde bekymring?

**5.2** Korleis opplev du at eit tverrprofesjonelt samarbeid med barnevernet og helsejukepleiar går føre seg?

#### **6.0 AVSLUTTNING**

**6.1** Korleis opplev du at du har fått tileigna deg kunnskap kring omsorgssvikt gjennom di utdanning?

**6.2** Korleis kan ein arbeide med å auke kunnskap og bevisstheita rundt omsorgssvikt, hjå både fagfolk og allmenta?

**6.3** Kva tiltak kan du som pedagogisk leiar setje i gang for å forebygge omsorgssvikt?

**6.4** Om du skal trekke ut tre ting du meina er viktigaste vi har snakka om, kva vil det vere?

**6.5** Er det noko meir du vil seie eller legge til?

**6.6** Kan vi kontakte deg igjen om det vert aktuelt?

### **8.3 Intervju styrar**

#### **1.0 TANKAR KRING OMSORGSSVIKT**

**1.1** Kva legg du i omgrepet omsorgssvikt?

**1.2** Kva trur du er årsakene til at nokre barn opplev omsorgssvikt?

**1.3** I kor stor grad føler du deg førebudd på å handtere ein situasjon med barn utsett for omsorgssvikt?

#### **2.0 STRUKTUR OG RUTINAR**

**2.1** Kva tiltak, ressursar og rutinar har de på plass for å sikre at alle barn i barnehagen får den omsorga og støtta dei treng?

**2.2** Korleis kartleggingsverktøy, samhandlingsverktøy og observasjonsmetodar arbeidar de med, ved mistanke om omsorgssvikt?

**2.3** I kor stor grad samarbeida barnehagen med instansar som barnevernstenesta og helsejukepleiar i kartlegginga av mistanke om omsorgssvikt hjå barn?

**2.4** Korleis handtera du som styrar i barnehagen, sensitiv informasjon i ettertid?

#### **3.0 SAMARBEID MED ØVRIG PERSONALE I BARNEHAGEN**

**3.1** Korleis sikrar du at alle ansette har kunnskap om korleis ein identifisera og handtera tilfelle av omsorgssvikt?

**3.2** Korleis samarbeida du og resten av personalet i prosessen med å avdekke omsorgssvikt?

**3.3** Korleis sikrar du at dei ansette føler seg trygge og støtta når dei rapportera om bekymringar knytt til omsorgssvikt?

**3.4** Korleis evaluera du effektiviteten av samarbeidet mellom deg og dei ansette når det gjeld å handtere omsorgssvikt i barnehagen?

**4.0 AVSLUTNING**

**4.1** Korleis kan ein arbeide med å auke kunnskap og bevisstheita rundt omsorgssvikt hjå både fagfolk og allmenta?

**4.2** Kva tiltak kan du som styrar setje i gang for å forebygge omsorgssvikt?

**4.3** Om du skal trekke ut tre ting du meina er viktigaste vi har snakka om, kva vil det vere?

**4.4** Er det noko meir du vil seie eller legge til?

**4.5** Kan vi kontakte deg igjen om det vert aktuelt?